

AVTALE

Mellom

Utdanningsforbundet

og

Norsk Folkehøgskolelag (NF)/Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF) (Samnemnda for NF og NKF)


1. Formålet med avtalen er å etablere eit rettsleg forpliktande samarbeid mellom Utdanningsforbundet og dei to folkehøgskoleorganisasjonane gjennom Samnemnda for NF og NKF.
2. Samnemnda for NF og NKF, heretter kalla Samnemnda, er eit fellesorgan som representerer medlemmene til NF og NKF ved inngåing av tariffavtalar. Medlemmene i Samnemnda blir oppnemnte av NF og NKF.
3. Dobbelmedlemskap: Medlemmer i NF og NKF som fyller krava til medlemskap i Utdanningsforbundet, blir òg rekna som medlemmer i Utdanningsforbundet.
4. I forhandlingssamanheng i tariffområde der Utdanningsforbundet har direkte forhandlingsrett eller forhandlar gjennom Unio, forhold Samnemnda seg til Utdanningsforbundet på denne måten:
 - 4.1 I sentrale forhandlingar og i forhandlingar på fylkeskommunalt eller tilsvarende nivå representerer Utdanningsforbundet dei av Samnemndas medlemmer som har dobbeltmedlemskap. Desse medlemmene vil derfor vera bundne av Utdanningsforbundets tariffmessige vedtak og tariffavtalar.
 - 4.2 Samnemnda har møterett i dei fora i Utdanningsforbundet som behandlar tariffspørsmål.
 - 4.3 Samnemnda skal konsulterast før det blir sett fram krav i forhandlingar som også gjeld folkehøgskolen.
 - 4.4 Tillitsvalde og tilsette i NF og NKF kan etter avtale representere Utdanningsforbundet i forhandlingar
 - 4.5 Ved forhandlingar om avtalar som berre gjeld folkehøgskolen, skal krava som skal setjast fram vera formulert av eller godtatt av Samnemnda. Samnemnda skal også kunne vedta eller forkaste resultatet, likevel slik at ved eventuell streik må dette godkjennast av Utdanningsforbundet. Ved eventuell tvist skal Samnemnda bera kostnadene.
 - 4.6 Samnemnda for NF og NKF skal framleis inngå tariffavtalar for dei av medlemmene som ikkje gjennom dobbeltmedlemskap også er medlemmer i Utdanningsforbundet.

- 4.7 På skolenivå representerer tillitsvalde for NF/NKF Utdanningsforbundet i forhandlingar, drøftingar og informasjonsmøte, så sant ein ikkje på skolen blir einige om noko anna.
5. Når det gjeld eventuelle folkehøgskolar som ikkje er part i eller knytt til sentrale tariffavtalar, vil Samnemnda og Utdanningsforbundet samarbeide etter prinsippa i pkt 4 i denne avtalen.
 6. OU-midlar som Utdanningsforbundet får på grunnlag av dobbeltmedlemsskap i NF/NKF, blir overførte til Samnemnda. Representantar for Samnemnda kan etter avtale delta i tillitsvaltopplæring i Utdanningsforbundet.
 7. Medlemmene i NF og NKF får tilgang til generelle medlemstilbod i Utdanningsforbundet.
 8. Det skal opprettast eit samarbeidsutval mellom Utdanningsforbundet og Samnemnda. Ved sidan av å drøfte tariffmessige forhold og vera eit forum for gjensidig informasjon, kan utvalet også ta opp andre spørsmål av felles interesse. Utvalet skal ha fire medlemmer og møtast minst ein gong kvart halvår.
 9. Norsk Folkehøgskolelag og Noregs Kristeleg Folkehøgskolelag blir haldne opp som eigne organisasjonar som skal ta vare på idégrunnlaget, vera interesseorgan for folkehøgskolen og arbeide med pedagogisk utviklingsarbeid og andre tiltak overfor medlemmene og folkehøgskolane
 10. Samnemnda refunderer Utdanningsforbundets kontingent til Unio for dobbeltmedlemmene. Samnemnda betaler elles etter nærare avtale for tenester Utdanningsforbundet utfører for NF og NKF.
 11. Avtalen gjeld frå 1. januar 2006. Han kan seiast opp av partane med eit varsel på 6 månader.

Ultimo august 2005


Helga Hjetland


Leon Haugsbø


Lars Sigve Meling